



DIN VEG: Ingunn van Etten har teke utgangspunkt i diktet «Din veg», i eitt av bileta i utstillinga «Inspirert». Andre har late Olav H. Hauge eller Geirr Tveit stå for ein meir indirekte påverknad i kunsten.

Haugeinspirert på Hauge-senteret

KUNST: Fredag vert første delen av Hugesenteret i Ulvik opna, med ei utstilling der mange er inspirerte av Hauge si diktning.

Mange har arbeidd for at eit Hugesenter skulle verta ein realitet i Ulvik. No i jubileumsåret har arbeidet verkeleg skote fart.

– Hauge/Tveitt-jubileet har gjeve Olav H. Hauge den merksemda han verkeleg fortener, og har vore ei god brekkstang og ein viktig inspirasjon for det me arbeider med, seier prosjektleiar ved Hugesenteret, Ida Holen.

Ho viser rundt i ei enno ikkje ferdig monterte utstilling, i nyoppussa lokale i 1. høgda i heradshuset. Turistkontoret i andre enden av bygget er i desse dagar omgjort til festivalkontor. Også der er det Hauge-utstilling, «Diktarens utvegar» som er laga av Ivar Aasentunet. Det er ei utstilling som også seinare vil verta ståande i bygget.

Inspirert av Hauge

Mest plass får Harding Puls til delar av si utstilling «Inspirert». Hardingkunstnarar har late seg inspirera av dei to jubilerande kunstnarane, og resultatet viser eit stort spenn både i val av uttrykksmåte, og i tilnærming til oppdraget. Dette er ei vandrestilling, som også har ein del som har vore vist i New York. Snart er den delen på veg til Korea...

I Ulvik er også utstillinga oppdelt. Ein del i heradshuset, ein annan del er å finna på Hjadlane galleri i Osa. Utstillinga vert ståande til 1. oktober.

Ida Holen er glad for å kunna opna Hauge-senteret med ei slik utstilling, der Hardanger kjem så sterkt til orde. Men bygget er ikkje ferdig med dette. I andre høgda skal det også verta pussa opp, og i kjellaren vil det etter planen verta opna kafé, og serviceanlegg for småbåthamna, neste sommar.

Kartlegging

Etableringa av Hugesenteret er framleis i prosjektfasen, og med Ida Holen som einaste medarbeidar.

– Det er mange idear om kva senteret skal innehalda. Ei kartlegging av forfatterskapen er naturleg, og til det vil nettsidene som er under arbeid verta eit hjelpemiddel. Formidlinga av forfatterskapen står sentralt, og dette er noko me arbeider med både på eiga hand, og i samarbeid med andre.

I denne fasen er det likevel finansieringa som er viktigast. Ida Holen brukar no tida på å førebu nettsider og skriva søknader om pengestøtte.

Sjølve bygget gler prosjektleiar seg over – det har ei perfekt plassering der det ligg vakkert til ved fjorden – midt i løypa for alle som gjestar Ulvik. Innvendig vert det tilrettelagt med tanke på at det skal tola ein variert bruk. Ein grafisk design for senteret er også under arbeid, som vil ta opp i seg same fargeval og stil, forklarar ho.

Ikkje for dei få

Prosjektleiaren er nøye med å understreka at dette ikkje skal vera eit senter for dei få og innvigde. Alle generasjonar, folk av ulike nasjonalitetar, alle typar media skal kunna sleppa til. Senteret skal vera ope for aktivitetar som har samanheng med det Hauge sto for.

– Me er små og må ta det steg for steg. Men dette er eit prosjekt som skal nå ut av bygda òg, understrekar ho.

I festivalsamheng vil heradshuset vera eit senter, bokstaveleg tala. Med utstillingane, festivalkontor, og festivaltellet «Nabotellet» på kaien nedunder.

SIGRID SEIM | tekst og foto
ss@avisa-hordaland.no



Byr på dialog med

Jubileumsfestivalen har fått sitt tingingsverk. Hei Hauge har urpremiere i Kvemmadokkje i Ulvik i kveld.

Med himmelen og fjella som kulisar framfører skodespelar Juni Dahr og musikarane Tore Brunborg og Thomas Strønen ein komposisjon med Olav H. Hauge sine dikt som inspirasjon.

– Nykomponert musikk, der me prøver ut korleis me kan finna musikken

i Hauge sine dikt, forklarar Juni Dahr og saksfonist nesten på heimetrakter, Tore Brunborg. Thomas Strønen er tredjemann på laget, også han som komponist, og med slagverk som instrument.

Etter at det er sett sluttstrek for utforminga, står dei att med ein times komposisjon der musikk og dikt vert presentert parallelt.

– Tema går rundt ulike dikt-typar hjå Hauge, dikt med ein indre slektskap. Her får ein dikt på ein musikalsk bakgrunn, musikk med utgangspunkt

i dikt og dikt åleine. Det vert servert i stort format – i lengre strekk. – Eg har tenkt på Hauge i mange år, vedgår Juni Dahr.

I djupna

– Då eg skjøna at det var eit jubileum på gang, syntest eg det ville vera interessant å kunna gå meir i djupna og sjå på dikta hans på ein ny måte.

Under vegs har det utvikla seg til å verta ein dialog – med Hauge. Alle har hatt sine innspel.

Ei av dei mest spennande Hauge-utgjevingane

Eit nydeleg musikalsk underlag for 35 av Olav H. Hauge sine tekstar.

Finn Coren:
I draumar fær du
Bard Records



Til no er det helst musikarar og komponistar med føtene trygt planta i samtidsmusikken og/eller jazzzen som har gjeve seg i kast med å laga musikk til Olav H. Hauge sine magiske tekstar.

Ikkje så rart då at Finn Coren sitt melodisk rocka uttrykk let forfriskande annleis.

Det er meir enn 20 år sidan Finn Coren platedebuterte med singelen «My Life is my Art». Sidan har han arbeidd jamt og trutt, utan at den norske musikkverda i særleg grad har brydd seg om han. Coren er nok eit døme på norske musikarar som har vorte større ute enn på heimebane, og i 2004 vart hans vakre «Riverboatman» plukka ut til å vera med på samlinga «Peace

Songs for a Better World» som vart gjeven ut i USA og Canada. To år seinare vart den same songen plukka ut mellom 700 til å vera med på samlinga «Hope: Love is the answer».

Med sin vestlandske bakgrunn, har Finn Coren ingen problem med uttalen i Olav H. sine tekstar. Ord som «skytjeveggen», «snjøfjell», «ljossleggja» og «skrymthuset» valdar ingen vanskar. Kanskje ein detalj, men ein detalj som gjev



Godt sagt

” Kjærligheten er et brennende ris, som pisker selve hjertet i en.

Johan Falkberget

Kunstløype i Ulvik

ULVIK: Under poesifestivalen i Ulvik vil kunstinteresserte og andre nyfikne ha eit uvanleg rikt tilbod av biletkunst og ulike utstillingar i bygda. I heradshuset står delar av Harding Puls-utstillinga «Inspirert». Ein annan del av utstillinga er å finna på Hjadlane galleri i Osa, der Lars Gunnar Polden sine Hauge-bilete er ein naturleg del. På festivalkontoret i heradshuset er utstillinga «Diktarens utvegar» å sjå. Skeie Mylona vert teke i bruk til utstilling av måleri og foto, av Ivar Rudi og Terje Rudi. På Promenaden finn ein framleis Ronald A. Westerhuis sin skulptur «Elia». I Brakanestunet har Inger Lise Belsvik utstilling av illustrasjonar frå boka «Når tussalusi kviskrar». Her er også Lars G. Polden sine seks måleri av Hagedikt, som er ei fast utsmykking i bygget. I konferansesenteret har Francois Monnet utstilling av bilete frå boka «Nord profund». Reinhold Kager stiller ut sine foto i galleriet i Tyssevikvegen. På biblioteket er det utstilling om Amboltprisvinnaren Robert Bly, med tittelen «Swinging with neighbours».

■ Kulturbeitet

SEPTEMBER

17.-21. Ulvik Poesifestival.
20. Talentklassen i musikk ved Bergen kulturskole held konsert saman med folkemusikkelevane ved Voss kulturskule, i Osasalen.
26.-27. Smalahovesleppet.
26.-27. Konsert og dansegalla i Voss Idrettshall. Arr.: Vossevangen Dansegallaklubb.

OKTOBER

10.-12. Vestlandskappleiken 2008 på Voss.
11. 400meterkunst opnar.
12. Myrkdalen Bygdekvinnelag. Kafé på skulen.
18. Galleri Voss. Utstillingsopning Ingrid Egeberg, måleri, teikning, silketrykk. Evelyn Hauso arbeid i kopartråd.
23.-26. Osafestivalen.

■ Kino

VOSS KINO

Arn – Riket ved veiens ende
I den andre og siste filmen om Arn vender Jan Guillous helt heim for å skapa fred i sitt eige land og gifta seg med sin elskede Cecilia. Filmen går torsdag og fredag. Aldersgrense: 11 år.

Star Wars: The Clone Wars
Klonekrigane blir denne gongen utkjempa i stor skala – animert – i ein velkjend galakse som ligg langt, langt borte. Den unge Jedridderen Anakin Skywalker må spela ei avgjerande rolle for å gje republikken nytt fofeste i ein valande kamp mot kreftene frå den mørke sida. Filmen er norsk dubba. Filmen går fredag. Aldersgrense 7 år.

HAUGE-LANDSKAP: Tore Brunborg, Thomas Strønen og Juni Dahr framfører i kveld Hei Hauge i diktaren sitt eige landskap.

Mariakyrkja på Hadeland. Mottakinga der gav grunn til å tru at også publikum i Ulvik vil få ei stor oppleving.

– Det vert utfordrande å stå her med fjella som bakgrunn. Konserten vil verta ulik for kvar stad me kjem, trur Juni Dahr.

Vêret skal dei takla, utrusta med varme kle.

– Og det er då mykje vind og regn og haust i Hauge sine dikt òg, slår ho smilande fast.

SIGRID SEIM | tekst og foto
ss@avisa-hordaland.no

FAKTA | HEI HAUGE

- Dialog med Olav H. Hauge i eit ope tekstleg og musikalsk landskap
- Juni Dahr, skodespelar som i mange år har valt utradisjonelle «scenar». Gjesta Børsheim med Låvetour i fjor, og framførte Markens Grøde saman med Gard B. Eidsvold.
- Tore Brunborg, jazzmuskar med oppvekst på Voss. Bandleiar, komponist – ein nestor innan norsk jazz.
- Thomas Strønen, profilert jazztrommis, deltakar på tallause plateinnspelningar, komponerer, produserer og arrangerer verk for ei rekkje artistar.

hadde omsett.

– Eg hugsar det veldig godt. Han var ein legende, alt då. Ein stille person. Han har skriva om dette i dagboka si!

Framsyninga i Kvemmadokkje vert spennande, ikkje berre for «bandet». Vertskapet Toril og Johan Børsheim har kontroll på dei fleste sidene ved arrangementet, så nær som vêret. Det kan verta haustlege temperaturar, kanskje til og med nedbør.

Prøvd ut

Hei Hauge har vorte prøveframført i

NILS KVAMSDAL | tekst
nk@avisa-hordaland.no

under Ulvik Poesifestival på laurdag. Coren har hatt eit nært og godt samarbeid med Bodil Cappelen under arbeidet med utgjevinga, og resultatet er utan tvil ei av dei mest spennande og særmerkte utgjevingane, uansett sjanger, dei seinaste åra.

diktaren

At ideen måtte verta gjort til realitet vart endå tydelegare då Juni Dahr i fjor sommar var i Ulvik og på Børsheim på «Låvetour», med Markens grøde.

– Det å vera her, å møta slektningane hans, gjorde det endå meir meningsfullt. Hauge var ein modernist. Då vert det naturleg å kunna ta med eit moderne uttrykk attende hit, synest Juni Dahr.

Tore Brunborg er fasinert over dei haiku-liknande dikta hjå

Hauge. Dikta er opne, nesten som spørsmål i ein samtale.

Med og mot håra

– Me har tenkt på han som person òg, og vil ikkje berre stryka han etter håra. Han kunne vera eigen og sta, og det kan me bruka i musikken òg, synest Brunborg.

Juni Dahr har tydelege minne frå sitt møte med hovudpersonen, Olav H. Hauge. Han og Bodil Cappelen kom til Vinje for å sjå ei framsyning som ho hadde, som Halldis Moren Vesaas

heftet som fylgjer CD'en.

Finn Coren er både multimusikar, komponist og arrangør. Han har skriva all musikken sjølv, og han har utarbeidd dei mange stryke- og blåsetema som er med på å gje musikken ein luftig og til tider majestetisk dâm. Coren balanserer det rocka drivet og dei store klangbileta fint mot kvarandre, på ein slik måte at du ikkje rekk å verta lei det eine uttrykket for det neste overtek.

«I draumar fær du» skal lanserast

større truverde til heile produksjonen. At Coren også let den store diktaren sjølv koma til orde, gjennom lesing av brokker eller heile tekstar, gjev dobbel-CD'en endå ein dimensjon. To av dei 35 tekstane er Olav H. Hauge sine attdiktingar av W. B. Yeats og Paul Celan sine dikt, medan den skotske poeten og omsetjaren Robin Fulton er ansvarleg for den engelske versjonen av Hauge sine dikt, slik dei er trykte i